

---

Saksnr: 2020/52065-1  
Saksbehandlar: Karl Inge Nygård

---

**Saksgang**

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Fylkesutvalet		28.05.2020

**Utsatt oppstart av turistruter - nettokontraktar båt**

Forslag til vedtak

1. Fylkesutvalet godkjenner Norled sin søknad om utsett oppstart av ruta Bergen-Flåm og turistruta Hardanger til 1. juli, likevel slik at Norled skal overvake situasjonen og starte opp tidlegare dersom marknadssituasjonen endrar seg. I forhold til turistruta i Hardanger må Norled i denne samanheng også ha dialog med Visit Hardangerfjord
2. Vederlaget til Norled skal reduserast i samsvar med reell kostnadsinnsparing.

**Samandrag**

Saka omhandlar søknad frå operatøren Norled om utsett oppstart av to båtruter som er retta spesifikt om turistmarknaden. Bakgrunnen for søknaden er avbestillingar som følgje av COVID-19 pandemien.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen  
fylkesdirektør samferdsel og mobilitet

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

Norled fekk i 2019 tildelt ny kontrakt for drift av Turistruta i Hardanger. Etter kontrakten skal Norled for 2020 drifte ruta i perioden 1. mai til 30. september. Ruta vert drifta av ein båt på 145 pax. Kontrakten er ein nettokontrakt der billettinntektene i følgje Norled utgjer ca 70% av omsetninga.

Norled fekk i 2010 tildelt kontrakt om ekspressbåtsamband mellom Sogn og Fjordane og Bergen. Kontrakten består av tre båtruter, der den eine ruta (Ruta mellom Bergen og Flåm) er ei rein turistrute som operatør pliktar å drifte i perioden frå 1. mai til 30. september. Også denne kontrakten er ein nettokontrakt der billettinntektene i følgje Norled utgjer 80% av omsetninga. For ruta Bergen-Flåm har Norled for åra 2018 og 2019 utført denne som rein kommersiell drift i april månad. Grunna store avbestillingar relatert til COVID-19 pandemien vart det ikkje gjennomført noko drift i april månad inneverande år.

I Brev av 20.04.20 søkte Norled om at drifta av Bergen-Flåm og turistruta i Hardanger vart utsett til 1. juni. Søknadane var grunngjeve med at COVID-19 situasjonen hadde medført at det ikkje låg føre bookingar/bestillingar på rutene og at tidlegare bestillingar var avbestilt. Norled vurderte det som lite føremålstenleg å køyre rutene med tomme båtar.

Fylkesrådmannen fatta 23.04.20 følgjande vedtak:

*Ut frå Vestland fylkeskommune sitt reglement for folkevalde organ og delegering, pkt 8 - mynde til å handtere ein krisesituasjon og etter dialog med fylkesordførar, godkjenner fylkesrådmannen følgjande:*

- *Skyss kan akseptere at Norled utsett oppstart av Bergen-Flåm og Turistruta Hardanger til 1. juni 2020.*
- *Skyss har fullmakt til å forhandle fram eit kompensasjonsnedtrekk med Norled, basert på reell kostnadsinnsparing.*

Skyss/Kringom forhandla etter dette fram eit kompensasjonsnedtrekk med Norled og gav melding om at oppstarten av dei to rutene kunne utsettast til 1. juni 2020. Kompensasjonsnedtrekket er basert på at Skyss/Kringom utelukkande betalar kapitalkostnad, ikkje variable kostnader. Dette gjev ei innsparing på om lag 200 000 for turistruta Hardanger og innsparing på omlag 600 000 for ruta til Flåm.

Norled har i brev av 07.05.20 søkt om ytterlegare utsetting av oppstart for dei to rutene fram til 1. juli 2020. Grunngjevinga er at det framleis ikkje er bookingar på dei aktuelle rutene og at det vert vurdert som lite tenleg å køyre rutene med tomme båtar.

### Vedtakskompetanse

Fylkesutvalet har mynde til å gjere vedtak i denne saken.

### Vurderingar og verknader

**Økonomi:** Forslag til vedtak inneberer innsparing for fylkeskommunen på om lag kr. 800 000.

**Klima:** Det ligg ein viss klimagevinst i at produksjon med tilnærma tomme båtar ikkje vert gjennomført.

**Folkehelse:** Ikkje relevant

**Regional planstrategi:** Ikkje relevant

### Konklusjon

Som nemnt er begge dei to kontraktane nettoavtalar der operatør sjølv har risikoen for inntektene. For avtalen om ekspressbåtar mellom Sogn og Fjordane og Bergen har Norled retta formelt krav mot Skyss/Kringom om dekking av tap tilsvarande 50 MNOK eller meir med bakgrunn i inntektssvikt som følgje av COVID-19 pandemien. Skyss/Kringom vurderer at eit slikt krav ikkje kan heimlast i kontrakten og er på denne bakgrunn avvist.

Uavhengig av nemnte krav er det viktig at fylkeskommunen som kontraktspart utviser nødvendig lojalitet i avtaleforholdet slik at vi bidrar til at våre operatørar ikkje lir unødvendig tap.

Fylkesrådmannen er kjent med at Hardangerrådet, som bidrar med 500 000 kroner i årleg medfinansiering av turistruta i Hardanger, er kritisk til at oppstart av denne ruta vert utsett til 1. juli. Hardangerrådet sitt ønskje er at turistruta startar opp samstundes med at reiselivsverksemdene (hotell, serveringsverksemd, aktivitetar og attraksjonar) opnar dørene. Dei ber difor om at det vert teke kontakt med Visit Hardangerfjord for å drøfte kva som vil vere høveleg tidspunkt for oppstart.

Som kontraktspart er det som nemnt ønskeleg at fylkeskommunen bidrar til at Norled ikkje lir unødvendig tap som følgje av COVID-19 pandemien. Avgjerda om kva som er riktig tidspunkt å starte opp att må såleis baserast på når det er tilstrekkeleg passasjergrunnlag til å drifte ruta. Fylkesrådmannen vurderer på denne bakgrunn at Norled sin søknad om utsett oppstart av begge rutene til 1. juli bør bli innvilga, likevel slik at Norled skal overvake situasjonen og starte opp tidlegare dersom marknadssituasjonen endrar seg. I forhold til turistruta i Hardanger må Norled i denne samanheng også ha dialog med Visit Hardangerfjord.